

Vedlegg _____ av: _____
Sak: _____

NAUSTDAL KOMMUNE

MØTEBOK

SAK NR.: Utval: NAUSTDAL KOMMUNESTYRE
8/2002 Sakshands: HENRY RANESTAD

KOMITE FOR LANDBRUK, TEKNIKK OG MILJØ	Møtedato: 30.01.2003	Sak nr.: 2/2003
Jour.nr: 2002/3353	Arkivnr: K50	Møtt: Møtt : 5 av 5
Sakshandsamar: HR		Avgj. av:

NAUSTDAL KOMMUNESTYRE	Møtedato: 13.02.2003	Sak nr.: 8/2003
Jour.nr: 2002/3353	Arkivnr: K50	Møtt: Møtt : 20 av 21
Sakshandsamar: HR		Avgj. av:

HØYRING-ENDRING I INDUSTRIKONSESJONSLOVA OG VASSDRAGS-REGULERINGSLOVA

Vedlegg:

1. Høyringsbrev frå OE-departementet 29.11.02
2. Sammandrag av høyringsdokumentet
3. Diverse uttaler frå Kommunenes Sentralforbund (KS), 03.07.02, 10.10.02 og 24.10.02

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

Høyringsdokument komplett (også på www.oed.dep.no).

Saksopplysningar:

OED har sendt framlegg til endring av Industrikonsesjonslova og Vassdragsreguleringslova ut på brei og endeleg høyring. Framlegget er utarbeidd av ei interdepartemental arbeidsgruppe. I framkant av utsendinga har OED hatt 3 møter med KS, som har engasjert seg sterkt i saka, jfr. vedl. 3.

Det er venta at OED legg fram ein lovprop. for Stortinget vårsesjonen 2003.

Kort om dagens situasjon og utdrag frå gjeldande lovverk:

Det meste av energiforsyningsanlegga i vassdrag er i dag offentleg eigd (> 80%). Berre private og kommunale eigarar har konsesjonsplikt, for private er denne oftast avgrensa til 60 år. Etter utløpt konsesjonstid kan rettane og anlegga gå til bake til Staten ("heimfall").

Vertskommunen(ane) har då krav på inntil 1/3 av verdien. Inntil 25 år før konsesjonstida går ut

kan Staten treffe bindande avtale med konsesjonæren om vidare bruksrett til vassfall og anlegg ("føregripe heimfall"). Dette vart i 1993 utvida til også å kunne gjelde kjøp for ein periode på inntil 50 år.

Vurdering:

Materialet er stort, tungt tilgjengeleg for ikkje-fagfolk, og juridisk komplisert. Framlegg til lovendingar gjeld i det vesentlege tidsavgrensing av konsesjonar og heimfall, forkjøpsrett og fortrinnsrett for stat, fylkeskommune og kommunar, samt minstegrense for konsesjonsplikt, alt i samband med tidlegare og komande vasskraftutbygging.

Her er berre kort omtala nokre av fleire viktige endringar.

Framlegg frå arbeidsgruppa:

- Held fram at det framleis er svært viktig at det offentlege har virkemidlar som gje råderett over denne viktige (og knappe) naturressursen til beste for fellesskapet.
- Derfor skal heimfallsretten framleis gjelde. No med heimfall til Staten, vederlagsfritt etter 75 år.
- Fylkeskommunar og kommunar skal likestillast med private eigarar, dvs. alle som har konsesjonar på ubestemt tid skal no få desse avgrensa til 75 år frå lovendingstidspunkt.
- Auken frå 60 til 75 år meiner dei vil kompensere for verditapet som konsesjonane får fordi dei vert gjort tidsavgrensa (som t.d. der kommunane er konsesjonærar).
- Gruppa meiner også at off. og private konsesjonærar må likestillast i høve til konsesjonar og vilkår. Dette også med bakgrunn i Energilova av 1990. Etter denne har ikkje lenger off. eigde selskap ei særleg plikt til å forsyne industri og hushaldningar med kraft.
- Vertskommunen skal framleis ha 1/3 av verdien ved heimfall.
- Heimfallsretten kan føre til at konsesjonærane ikkje ser seg tent med å reinvestere/vedlikehalde anlegga mot slutten av perioden. Dette skal etterkvart avbøtast med "ei rekkje tiltak" framover.
- Gruppa meiner likevel at deira framlegg totalt vil føre til ein dynamisk og verdiskapande eigarmarknad.
- Heimfallsretten til Staten kan også gje opning for at det offentlege kan endre bruken av vassdraget, alt frå endring av vilkåra til nedlegging av kraftproduksjonen.
- Minstegrensa for konsesjonsplikt vert heva.
- Konsesjonane blir eigarnøytrale, dvs. staten / fylkeskommunane og kommunane får ikkje lenger forkjøpsrett / fortrinnsrett til kjøp.

KS og KS-bedrift held fram:

- Om heimfall av alle off. eigde anlegg: Framlegget fører til at 85 % av kraftproduksjonen i Norge tilfell Staten 01.01.2063 (? Etter 60 år?). Kommunar/fylkeskommunar mister då eigarskap til ca. 65 Twh til ein verdi av 200 millrd. kr gratis til Staten (berre "vertskommunen" får sin 3.del).
- Meiner dette er i strid med Grunnlova § 105, sidan det verkar som rein ekspropriasjon utan vederlag.
- Framlegget vil tvinge kommunar/fylkeskommunar ut som eigarar. Dei vil selje seg ut lenge før heimfall. Taper framtidige ressursar. Dei vil neppe greie å reise kapital til kjøp ved

føregripe heimfall, og dette kan også bli hindra av EØS-reglar.

- Er likevel ikkje ueinig i at heimfall og heimfallsinstitutt vert oppretthalde.
- Framlegget er generelt "udemokratisk" og grip inn i kommunalt sjølvstyre.
- Dei lanserer alternative framlegg, m.a. "transaksjonsalternativet" i form av eigen tilleggslov. I prinsippet vil ein då få ei meir individuell handsaming av kvart anlegg "over tid", slik at ikkje alle heimfall skjer til same tidspunkt.

Denne oppramsinga er ikkje fullstendig.

Rådmannen kjem ikkje med konkret tilråding til uttale. Men sett frå kommunane sin ståstad er det naturleg å støtte merknadane frå KS og KS-bedrift. Dei har framlegg som i tillegg til dei overordna måla med offentleg kontroll av knappe naturressursar også betre tek i vare lokal råderett over eigne verdiar. Og det gjeld både i høve til eksisterande konsesjonar og evt. nye.

TILRÅDING :

KLTM rår Naustdal kommunestyre til å gje slike merknader til *framlegg til endring av Industrikonsesjonslova og Vassdragsreguleringslova:*

Per-Kr. Langlie
Rådmann

Henry Ranestad
rådgjevar

HANDSAMING I KOMITE FOR LANDBRUK, TEKNIKK OG MILJØ

VEDTAK :

Samrøystes tilråding til vedtak:

Naustdal kommunestyre sluttar seg til dei innvendingar som kjem til uttrykk i KS og KS-bedrift sine uttaler i saka. Særleg gjeld dette framlegget om å sidestille private og offentlege eigarar. Dette vil tvinge kommunar og fylkeskommunar til å gje frå seg framtidige inntekter. Det vil og fråta kommunane innverknad på forvaltninga av lokale ressursar og på sikt ta vekk mykje av grunnlaget for levedyktige samfunn i utkant-Norge.

Kommunestyret støttar KS/KS-bedrift sitt framlegg om at dersom lova må endrast, vil det sokalla transaksjonsalternativet best ivareta dei samfunnsmessige interessene.

SAKSORDFØRAR: Jetvard Kalland

HANDSAMING I NAUSTDAL KOMMUNESTYRE

VEDTAK :


Tilrådinga vart samr. vedteken.

Utskrift til :

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET
KOMMUNENES SENTRALFORBUND, POSTBOKS 321, 6801 FØRDE

Rett utskrift.

Dato : 14.02.03.

A handwritten signature in black ink, consisting of several overlapping loops and strokes, positioned below the date.